

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Styret for Fagskolen i Hordaland
<b>Møtestad:</b>	Nettmøte, Zoom
<b>Dato:</b>	02.09.2021
<b>Tid:</b>	Kl. 09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [post.fih@vlfk.no](mailto:post.fih@vlfk.no)

Innkallinga gjeld valde medlemmer i styret for Fagskolen i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

- Kl. 09:00      Munnlege orienteringar
- Skulestart og Covid-19 tiltak
  - Samanslåingsprosessen
- Kl. 09:30      Sakshandsaming
- Kl. 12:00      Avslutning

**Emil Gadolin**

Styreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 07/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2020/1479	
GK 08/21	Godkjenning av møteprotokoll frå 29.04.2021	2020/1479	
<b>Referatsaker</b>			
RS 04/21	Endring av utdanningsform for sju bransjemodular	2020/1479	
RS 05/21	Orientering om innvilga midlar til nye prosjekt i 20/21	2020/1479	
RS 06/21	Ny studentrepresentant i styret for skuleåret 21/22	2020/1479	
RS 07/21	Rekneskap per juli 2021	2020/1479	
<b>Vedtaksaker</b>			
VS 08/21	Melde endring om undervisningsform til NOKUT og søknad til Sjøfartsdirektoratet	2020/1479	
VS 09/21	Løyve til å søkje NOKUT om vesentleg endring av fagskuleutdanninga Rehabilitering	2020/1479	

---

**Saksnr:** 2020/1479-74  
**Saksbehandler** Ingrid Fagerheim Sættem  
**Dato:** 03.08.2021

---

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Rektor

---

## Endring av utdanningsform for sju bransjemodular

Den 18.03.2021 handsama styret sak VS 04/21 Melde endring av undervisningsform til NOKUT, og gjorde følgjande vedtak:

*«Styret vedtek at fagskolen kan søkje NOKUT om endring av undervisningsform for dei 7 bransjemodulane som er utvikla for industrien til reine nettbaserte tilbod i tillegg til allereie akkreditert undervisningsform».*

Fagskolen meldte ønskje om endring til NOKUT 03.06.2021. I brev frå NOKUT av 06.07.2021 er endringa av undervisningsform godkjent. Det vert vist til vedlegg 1, «Brev frå NOKUT av 060721».

Av brevet kjem det fram at NOKUT godkjenner rein nettbasert undervisningsform for dei sju bransjemodulane, og fagskolen kan setje i verk endringa utan å måtte søkje om ny akkreditering etter fagskuletilsynsforskrifta § 5-1. Godkjenninga inneber at dei sju bransjemodulane no er registrert med undervisningsformene «nettbasert» og «nettbasert med samlingar» hos NOKUT.

Fagskolen er etter fagskuletilsynsforskrifta pliktig til å sikre at fagmiljøet ved dei reine nettbaserte tilboda oppfyller krava til utdanningsfagleg kompetanse, og fagmiljøet skal sikre at krava til struktur, undervisning, læring og vurdering i utdanninga vert tilpassa læringsutbyttet, jf. §§ 2-3 og 2-1 tredje ledd bokstav b og c.

Fagskolen må vidare sørge for at dei reine nettbaserte tilboda er tilpassa krava til læringsmiljø i fagskulelova § 15 og fagskuletilsynsforskrifta § 2-6, og krava til studentorgan og studentrepresentasjon i fagskulelova § 14.

DBH Fagskolestatistikk, Kunnskapsdepartementet, Lånekassen og Statistisk sentralbyrå er informert om at fagskolen kan setje i verk endringa utan ny akkreditering.

Vedlegg:

1. Brev frå NOKUT av 060721

FAGSKOLEN I HORDALAND  
Postboks 1876 Nordnes  
5817 BERGEN

Saksbehandler: Merima Cengic

Vår ref: 21/05657-3  
Vår dato: 06.07.2021  
Deres ref:  
Deres dato:

## **NOKUT registrerer ny utdanningsform for bransjemoduler ved Fagskolen i Hordaland**

Vi viser til meldingen deres fra 3. juni 2021 der dere informerer om at dere vil legge til nettbasert som ny utdanningsform for følgende bransjemoduler for industrien:

- Materialteknologi, 10 studiepoeng, akkreditert av NOKUT 6. desember 2019, saksnummer 19/05067
- Teknisk dokumentasjon og kommunikasjon for leverandørindustrien, 10 studiepoeng, akkreditert av NOKUT 6. desember 2019, saksnummer 19/05842
- Prosjektplanlegging for leverandørindustrien, 10 studiepoeng, akkreditert av NOKUT 6. desember 2019, saksnummer 19/05841
- Produksjonsledelse for leverandørindustrien, 10 studiepoeng, akkreditert av NOKUT 6. desember 2019, saksnummer 19/05844
- Teknisk engelsk for leverandørindustrien, 10 studiepoeng, akkreditert av NOKUT 6. desember 2019, saksnummer 19/06972
- Sveising for leverandørindustrien, 10 studiepoeng, akkreditert av NOKUT 2. juli 2020, saksnummer 20/03680
- Isolering av tekniske installasjoner for leverandørindustrien, 10 studiepoeng, akkreditert av NOKUT 2. juli 2020, saksnummer 20/03680

Dere kan gjennomføre endringen uten å søke om ny akkreditering, jf. fagskoletilsynsforskriften § 5-1.

NOKUT registrerer nettbasert som ny utdanningsform for bransjemodulene. Disse modulene er nå registrert med følgende utdanningsformer:

- nettbasert
- nettbasert med samlinger

Begrunnelse

Den endringen dere planlegger, skal meldes til NOKUT etter fagskoletilsynsforskriften § 5-1. Vi har vurdert meldingen deres, og anser at det ikke er nødvendig å akkreditere utdanningen på nytt.

Vi legger til grunn at dere sikrer at fagmiljøet oppfyller kravene til utdanningsfaglig kompetanse jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-3 første avsnitt. For nettbaserte utdanninger inkluderer dette at fagmiljøet har nettpedagogisk kompetanse tilpasset utdanningens innhold og egenart.

Vi legger til grunn at fagmiljøet kan sikre at kravene til utdanningens struktur, undervisnings-, lærings- og vurderingsformer blir tilpasset læringsutbyttet. Reglene om dette står i fagskoletilsynsforskriften § 2-1 tredje avsnitt bokstav b og c.

Vi legger til grunn at dere også gjør tilpasningen til ny utdanningsform på følgende områder:

- studentenes læringsmiljø, inkludert administrasjon og infrastruktur (fagskoleloven § 15 og fagskoletilsynsforskriften § 2-6)
- studentorgan og studentrepresentasjon (fagskoleloven § 14)

Vi informerer med dette også relevante aktører om at endringen dere planlegger ikke krever ny akkreditering, se kopimottakerne.

Med hilsen

Lune Lee Solheim  
fungerende seksjonssjef

Merima Cengic  
førstekonsulent

*Dokumentet er elektronisk signert.*

Kopi til: DBH Fagskolestatistikk  
Det kongelige kunnskapsdepartement  
STATENS LÅNEKASSE FOR UTDANNING  
Statistisk sentralbyrå Seksjon for utdanningsstatistikk  
FAGSKOLEN I HORDALAND v/Adeline Berntsen Landro

---

**Saksnr:** 2020/1479-78  
**Saksbehandlar** Ingrid Fagerheim Sættem  
**Dato:** 23.08.2021

---

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Rektor

---

### Orientering om innvilga midlar til nye prosjekt i 20/21

Fagskolen i Hordaland har fått innvilga totalt kr 10 284 240,- til ni nye prosjekt for 20/21. Det blei søkt om midlar til nye prosjekt under ulike tilskotsordningar ved Diku og Kompetanse Norge. Prosjektnamn, tilskotsgivar, tilskotsordning og storleiken på tilskota er til orientering som følgjer:

Prosjektnamn	Tilskotsgivar og ordning	Tilskot
Oppgradering av bru-, maskinroms- og boresimulator	Diku / Utviklingsmiddel	2 423 480
Utvikling av to nye studietilbod innan gastronomi, reiseliv og landbruk	Diku / Utviklingsmiddel	444 505
Innkjøp av utstyr knytt til studentvekst	Diku / Utviklingsmiddel	133 700
Utvikling av modell for nettundervisning ved Fagskolen i Hordaland	Diku / Utviklingsmiddel	600 000
Digital og fleksibel maritim fagskuleutdanning	Diku	1 821 305
Industriell 3D produksjon	Kompetanse Norge og Diku / Fleksibel utdanning	2 118 583
IECEX Sunnhordland	Kompetanse Norge / Bransjeprogram	1 270 667
Fagskuleutdanning innan velferdsteknologi og digital kompetanse – drift	Kompetanse Norge / Drift av bransjemodular	1 022 000
Kurs i styrings- og visualiseringsteknologi for aktuelle bransjar	Kompetanse Norge og Diku / Fleksibel utdanning	450 000
<b>9 prosjekt</b>		<b>10 284 240</b>

---

**Saksnr:** 2020/1479-76  
**Saksbehandler:** Ingrid Fagerheim Sættem  
**Dato:** 17.08.2021

---

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Rektor

---

## Ny studentrepresentant i styret for skuleåret 21/22

Det er gjennomført nytt val av studentrepresentant og vara for studentrepresentant til styret for Fagskolen i Hordaland. Ny studentrepresentant blir valt kvart år, og er valt av og blant studentane.

I samanheng med samanslåinga av Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane vil det bli gjennomført nytt val i januar 2022. Ny studentrepresentant og vara er difor valt fram til nyttår.

### Val av studentrepresentant

Studentane vel kvart skuleår leiar og éin av to nestleiarar til studentrådet for det komande skuleåret. Leiar for studentrådet blir studentrepresentant i styret ved Fagskolen i Hordaland, og nestleiar blir vara.

Ved starten av skuleåret blir den andre nestleieren valt, som tek over som leiar for studentrådet året etter. Dette gjev studentrådet god kontinuitet i arbeidet med studentdemokratiet og verva som dei har. Dette blei ikkje praktisert for skuleåret 21/22 grunna den komande samanslåinga.

Ny studentrådsleiar og studentrepresentant i styret for skuleåret 21/22 er:

- Petter Reistad – 2. Maskinoffiser ved studiestad Nygård

Ny nestleiar og vara for studentrepresentant i styret for skuleåret 21/22 er:

- Susann Haukeland Børnes – 2. Psykisk helse og rusarbeid ved studiestad Nordnes

---

**Saksnr:** 2020/1479-80  
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro  
**Dato:** 25.08.2021

---

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Rektor

---

## Rekneskap per juli 2021

Fagskolen i Hordaland har følgjande budsjett i 2021:

<b>Budsjettpost</b>	<b>Årsbudsjett 2021</b>	<b>Budsjett pr Q1</b>
Løn og andre kostnader	129 076 407	32 269 102
Underskot frå 2020	4 272 764	1 068 191
Statstilskot	-103 723 334	-25 930 834
Inntekter fra oppdragsverksemd	-1 500 000	-375 000
Studieavgift	-1 600 000	-400 000
Samarbeidsrådet	-1 400 000	-350 000
Andre inntekter (MARFAG)	-100 000	-25 000
Prosjektmidlar frå 2020	-13 116 619	-3 279 155
<b>Midlar frå VLFK</b>		
<b>Sum</b>	<b>11 909 218</b>	<b>2 977 305</b>

Skulen har i 2021 budsjettert med ca. 133 mill. kr i utgifter og tilsvarende beløp i inntekter og fylkeskommunalt tilskot.

Pr. mars 2021 er Fagskolen i Hordaland sitt rekneskap følgande:

<b>Tekst</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>
Adm./leiing	-109 763 670	-52 289 745
Undervisning	49 530 405	49 773 090
Oppdragsverksemd	-80 968	-875 000
<b>TOTAL</b>	<b>-60 314 233</b>	<b>-3 391 655</b>



Forklaring	-kr	60 314 233,00
Statstilskudd for hele året er utbetalt i juni	kr	43 218 056,00
Ubenyttet prosjektmidler	kr	12 282 557,00
<b>Overskudd pr juli 2021</b>	<b>-kr</b>	<b>4 813 620,00</b>

Utdanning	REGNSKAP juli 2021	BUDSJETT juli 2021	DIFFERANSE
<b>Administrasjon og leing</b>	<b>-98 239 749</b>	<b>-54 466 793</b>	<b>-43 772 956</b>
Løn og reiseutgifter	5 521 687		
Andre kostnader	11 898		
Statstilskot	-103 723 334		
Inntekter	-50 000		
<b>Merkantil</b>	<b>1 191 029</b>	<b>1 475 169</b>	<b>-284 140</b>
Løn og reiseutgifter	1 187 928		
Andre kostnader	3 101		
Skulelokale	105 729	139 996	245 725
<b>Fagskulestyret</b>	<b>288 109</b>	<b>538 552</b>	<b>-250 443</b>
Løn og reiseutgifter	288 109		
Bibliotek	7 832	23 331	-15 499
Årsoppgjer	-13 116 619		
<b>Adm. og leing</b>	<b>-109 763 669</b>	<b>-52 289 745</b>	<b>-44 077 313</b>
<b>Fagskulen felles</b>	<b>978 528</b>	<b>1 264 020</b>	<b>-285 492</b>
<b>Fagstab</b>	<b>2 288</b>	<b>0</b>	
<b>Elektro (Elkraft og Automatisering)</b>	<b>12 382 938</b>	<b>12 712 958</b>	<b>-330 020</b>
Løn og reiseutgifter	11 221 562		
Innleid personale	1 054 212		
Andre kostnader	2 978		
Korona (prosjekt 300050)	104 186		
<b>IT - felles</b>	<b>76 385</b>	<b>0</b>	
<b>Arborist</b>	<b>725 670</b>	<b>773 969</b>	<b>-48 299</b>
Løn og reiseutgifter	306 866		
Innleid personale	330 911		
Andre kostnader	84 205		
Korona (prosjekt 300050)	3 688		
<b>Lokal matkultur</b>	<b>1 204 715</b>	<b>1 163 993</b>	<b>40 722</b>
Løn og reiseutgifter	1 163 359		
Andre kostnader	41 356		
<b>Bygg (Bygg og KEM)</b>	<b>9 184 700</b>	<b>8 782 792</b>	<b>401 908</b>
Løn og reiseutgifter	9 092 629		
Andre kostnader	92 071		
<b>Anlegg</b>	<b>1 739 993</b>	<b>1 762 428</b>	<b>-22 435</b>
Løn og reiseutgifter	1 633 945		

Andre kostnader	106 048		
<b>Maritim Bergen</b>	<b>7 443 473</b>	7 838 490	-395 017
Løn og reiseutgifter	5 464 036		
Andre kostnader	1 898 905		
Korona (prosjekt 300050)	80 532		
<b>Maritim Austevoll</b>	<b>2 300 145</b>	2 348 481	-48 336
Løn og reiseutgifter	1 992 312		
Andre kostnader	307 833		
<b>Maskin</b>	<b>5 963 518</b>	5 058 510	905 008
Løn og reiseutgifter	5 006 229		
Innleid personale	666 793		
Andre kostnader	252 184		
Korona (prosjekt 300050)	38 312		
<b>Petroleum (Boring)</b>	<b>3 765 048</b>	3 790 256	-25 208
Løn og reiseutgifter	3 349 613		
Innleid personale	89 100		
Andre kostnader	326 335		
<b>Prosess</b>	<b>2 268 012</b>	2 325 663	-57 651
Løn og reiseutgifter	2 264 202		
Andre kostnader	3 810		
<b>Helse</b>	<b>1 494 991</b>	1 951 530	-456 539
Løn og reiseutgifter	1 306 936		
Innleie Haukeland	181 805		
Andre kostnader	6 250		
<b>UNDERVISNING</b>	<b>49 530 404</b>	49 773 090	-321 359
<b>OPPDRAG</b>	<b>-80 968</b>	<b>-875 000</b>	<b>794 032</b>

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	VS 08/21	02.09.2021

## Melde endring om undervisningsform til NOKUT og søknad til Sjøfartsdirektoratet

### Forslag til vedtak

1. Fagskolen kan søkje Sjøfartsdirektoratet om godkjenning for bruk av nettbasert undervisning med samlingar innan dei maritime utdanningane Dekksoffiser (Nygård og Austevoll) og Maskinoffiser (Nygård)
2. Fagskolen får løyve til å melde NOKUT om endring av utdanningsform når godkjenning frå Sjøfartsdirektoratet ligg føre. Endringa gjeld akkreditering av utdanningsforma nettbasert med samlingar i tillegg til dagens akkrediterte utdanningsform.

### Samandrag

Fagskolen søkte før sumaren 2020 om tilskot gjennom Diku sin ordning «Økt digital kompetanse i havrelaterte utdanningar» til prosjektet «Digital og fleksibel maritim fagskoleutdanning». Som meldt i RS 19/20 vart søknaden innvilga med kr 1,8 mill. Som ein del av prosjektet skal det søkjast om godkjenning for å drive dei maritime utdanningane med utdanningsforma nettbasert med samlingar. For dei maritime konvensjonsfaga er dette ein prosess i to steg der Sjøfartsdirektoratet først må gje ei godkjenning, og deretter må endringa meldast NOKUT for akkreditering (forenkla søknad / endringsmelding).

**Torbjørn Mjelstad**  
rektor, Fagskolen i Hordaland

**Adeline Berntsen Landro**  
administrasjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fagskulen søkte før sumaren 2020 om tilskot gjennom Diku sin ordning «Økt digital kompetanse i havrelaterte utdanningar» til prosjektet «Digital og fleksibel maritim fagskoleutdanning». Som meldt i RS 19/20 vart søknaden innvilga med kr 1,8 mill.

Prosjektet har som føremål å imøtekome den maritime næringa sine behov for fleksibel utdanning og digital kompetanse ved å utvikle, teste og evaluere studieplanar samt nettpedagogiske verktøy og verkemiddel. Gjennom prosjektet skal fagskulen også sikre akkreditering for at dei to maritime utdanningane «Dekksoffiser» og «Maskinoffiser» som nettbasert studium med samlingar i tillegg til stadbasert slik som skulen har i dag.

Trøndelag høgere yrkesfagskole, studiestad Ytre Namdalen, har fått akkreditering for undervisningsforma nettbasert med samlingar for dei maritime utdanningane, og det var ikkje naudsynt å søke NOKUT om vesentleg endring. Endringa vart såleis gjort gjennom ei forenkla endringsmelding til NOKUT.

For å sende endringsmelding må styret for fagskulen stadfeste at skulen har løyve til å søkje om slik endring. I tillegg må fagskulen først søkje løyve hjå Sjøfartsdirektoratet, og få ei eiga godkjenning for å kunne tilby nettbasert utdanning innan dei maritime konvensjonsfaga. Sjøfartsdirektoratet skal mellom anna sikre at fjernundervisninga og e-læringsprogrammet er levert av ein godkjent institusjon, og at undervisningsopplegget er egna for dei valde målsettingar og treningsoppgåver, samt at kompetansenivået i temaet vert dekt. Fagskulen må såleis beskrive korleis eit nettbasert studium med samlingar innan maritime fag skal gjennomførast og kva deler av undervisninga som skal gå føre på digitale flatar.

Dei maritime studieplanane finn ein her:

- Dekksoffiser:

[https://www.hordaland.no/globalassets/for-skulane/fagskolen-i-hordaland/blokker/blokker-fih/om-utdanningene/studieplaner-2018/studieplan-dekksoffiser-20-22-rev-05\\_02-fih.pdf](https://www.hordaland.no/globalassets/for-skulane/fagskolen-i-hordaland/blokker/blokker-fih/om-utdanningene/studieplaner-2018/studieplan-dekksoffiser-20-22-rev-05_02-fih.pdf)

- Maskinoffiser:

[https://www.hordaland.no/contentassets/f7b6a46a8b4d44bbb56dfa4ebfd3868d/studieplan-maskinoffiser-20-22-rev-05\\_01.pdf](https://www.hordaland.no/contentassets/f7b6a46a8b4d44bbb56dfa4ebfd3868d/studieplan-maskinoffiser-20-22-rev-05_01.pdf)

Dei maritime utdanningane har årleg høge søkjartal og er attraktive utdanningar. Arbeidslivet har også stort behov for denne kompetansen. Ved å etablere nettbaserte maritime utdanningar med samlingar på deltid vil fagskulen kunne auke kapasiteten i utdanninga, og samtidig nå ut til søkjarar som ønskjer å kombinere skule og jobb.

### Vedtakskompetanse

Det er styret for fagskulen som fattar vedtak om det skal søkjast NOKUT om godkjenning for ny utdanning jf. § 17 i fagskulelova:

«§ 17. Innholdet i utdanningen

Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.

Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

Departementet kan gi forskrift om

- a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk
- b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering.»

## Konklusjon

Rektor vil tilrå at fagskulen, som ein del av prosjektet «Digital og fleksibel maritim fagskoleutdanning» kan søkje Sjøfartsdirektoratet om godkjenning for å tilby nettbasert utdanning med samlingar innan dei to maritime utdanningane Dekksoffiser og Maskinoffiser. Vidare vert det tilrådd at styret gjev løyve til å melde NOKUT om endringa for å få endeleg akkreditering av nemnde utdanningsform.

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	VS 09/21	02.09.2021

**Løyve til å søkje NOKUT om vesentleg endring av fagskuleutdanninga Rehabilitering****Forslag til vedtak**

1. Fagskolen i Hordaland kan søkje NOKUT om vesentleg endring av fagskuleutdanninga Rehabilitering (60 stp.) ved fristen 15. september 2021.
2. Det skal søkjast akkreditering for utdanningsformene stadbasert utdanning deltid ved studiestad Nordnes (60 stp.) og nettbasert utdanning deltid (60 stp.).
3. Fagskolen kan gjere lokal tilpassing i studieplanen i tråd med det som kjem fram av saksframlegget.

**Samandrag**

Det er nyleg gjennomført ei revidering av den nasjonale studieplanen for fagskuleutdanninga Rehabilitering. I tråd med denne revideringa søkjer Fagskolen i Hordaland om vesentleg endring av gjeldande studieplan i Rehabilitering ved studiestad Nordnes. Fagskolen i Hordaland ønskjer å tilby Rehabilitering som stadbasert utdanning deltid (60 stp.), og nettbasert utdanning deltid (60 stp.), for å imøtekome behovet for kompetanse i samfunnet. Den nye nasjonale studieplanen vil, med mindre justeringar, bli nytta som lokal studieplan for begge utdanningsformene. Fagskolen ønskjer å søkje NOKUT om akkreditering innan fristen 15. september 2021.

**Torbjørn Mjelstad**  
rektor, Fagskolen i Hordaland

**Ingrid Fagerheim Sættem**  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Nasjonal studieplan for Rehabilitering

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fagskulelova av 2003 flytta ansvaret for planverk i høgare yrkesfagleg utdanning frå myndigheitene til utdanningstilbydarane. For å sikre ein nasjonal standard for fagskuletilboda tok organisasjonar i arbeidslivet den gong initiativ til å få etablert nasjonale utval med ansvar for å utarbeide felles nasjonale planar, for å sikre at fagskuleutdanningar held høg kvalitet og gir lik sluttkompetanse. Dei nasjonale planane er meint som eit grunnlag når tilbydarane skal utarbeide sine studieplanar. Det er skulen sine eigne studieplanar som utgjer det faglege grunnlaget for godkjenning av skulen sine utdanningar, og styret ved den enkelte tilbyder har ansvaret for utvikling og vedlikehald av desse.

Endra kompetansebehov i arbeidslivet og ny lov om høgare yrkesfagleg utdanning (Fagskulelova, 2018), gjer at det var behov for ein gjennomgang av eksisterande nasjonale planar. Nasjonalt Fagskoleråd blei tildelt midlar av Kunnskapsdepartementet til å revidere nasjonal plan for «Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi». Planen har vore gjennom godkjenning av Nasjonalt fagråd for helse- og oppvekstfag. Den nasjonale studieplanen ligg som vedlegg til saka.

Fagskuleutdanninga i «Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi» skal sikre at behovet for kompetanse til den enkelte, samfunnet og arbeidslivet er i tråd med oppgåver og utfordringar innan helse- og omsorgstenesta, i dag og i framtida. Nasjonalt folkehelseinstitutt anslår at det vil bli ei betydeleg auke i talet på eldre framover med kroniske sjukdommar. Fleire vil leve med kreft og få demens. Samtidig får mange pasientar med hjerneslag nedsett funksjonsevne og treng hjelp i kvardagen.

Fagskuleutdanninga «Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi» skal først og fremst bidra til å styrke kompetansen i det direkte arbeidet med brukarar og pårørande. Det er ofte dei mest sårbare og vanskelegstilte brukarane som har størst behov for å bli møtt av ei heilskapleg helse- og omsorgsteneste. Fellesnemnaren for dei som har eit særskilt behov for samhandling og koordinering, er at dei har eit behov for behandling, rehabilitering og omsorg som tenestetilbydaren enkeltvis ikkje kan løyse aleine. Det er difor viktig at brukarane blir møtt av personell som samarbeider godt innetter i kommunal sektor, med spesialisthelsetenesta og andre aktuelle samarbeidspartnarar, og som har kunnskap om faktorar for tilrettelegging av miljø. Auka kompetanse og strukturert oppfølging gjennom tverrfagleg samarbeid gir brukarane rett behandling på rett stad til rett tid.

Formålet med utdanninga er å utdanne reflekterte yrkesutøvarar som med høg yrkesetisk forståing tar initiativ til, organiserer og set i verk tiltak i samarbeid med eldre, pårørande, frivillige medarbeidarar og andre yrkesgrupper. Den nasjonale studieplanen er i tråd med det kompetansebehovet som samfunnet har for yrkesutøvarar med utdanning innan rehabilitering.

Fagskolen i Hordaland har per dags dato akkreditering for fagskuleutdanninga Rehabilitering, stadbasert (60 stp.), men det er på noverande tidspunkt ikkje studentar ved utdanninga. Fagskulen ser at det er eit stort behov i arbeidslivet for yrkesutøvarar med kompetansen innan rehabilitering, og ønskjer difor at Rehabilitering skal vere ei aktiv utdanning ved fagskulen. Med ein ny studieplan er det gode føresetnader for å greie dette.

Dei vesentlege endringane som er vedteke i ny nasjonal studieplan for Rehabilitering er både knytt til det overordna læringsutbytet (O-LUB) og læringsutbytet i dei enkelte emna (E-LUB). I det overordna læringsutbytet er endringane knytt til det faglege innhaldet. I tillegg er det overordna læringsutbytet redusert, slik at utbytet i omfang berre skal utgjere ei side på vitnemålet frå fagskulen. I læringsutbytet i dei fem enkeltemna er det også vedteke endringar, kor emne 1 «Etikk og samhandling» er heilt ny. I tillegg har emna i den nasjonale studieplanen no ny fordeling av studiepoeng, med 10 studiepoeng på emne 1 – 4, og 20 studiepoeng på emne 5.

Fagskolen i Hordaland ønskjer å søkje om vesentleg endring av fagskuleutdanninga Rehabilitering, i tråd med ny nasjonal studieplan. Fagskolen i Hordaland vil tilby studentar Rehabilitering som både stadbasert utdanning ved studiestad Nordnes på deltid (60 stp.) og som nettbasert utdanning på deltid (60 stp.). Bakgrunnen for dette er eit større behov for rehabilitering og kompetanse om rehabilitering i samfunnet. Særleg har pandemien ført til auka trykk på helsevesenet og målgruppa for utdanninga. Erfaring viser også at fleire og fleire som kombinerer arbeid og kortare utdanningar ønskjer meir av undervisningsaktivitetane lagt til eigen fritid, og eit nettbasert tilbod vil særleg gi fagskolen større moglegheiter for dette. Fagskolen skal i tillegg slå seg saman med Fagskolen i Sogn og Fjordane, med verknad frå 1. januar 2022. Ved denne samanslåinga vil nye Fagskolen i Vestland dekkje store geografiske område, som kan føre til auka trykk av studentar til utdanninga. Det kan difor vere hensiktsmessig å tilby Rehabilitering som både stadbasert og nettbasert utdanning, for å imøtekome behovet til fleire studentar.

Fagskuleutdanninga Rehabilitering, som fagskolen ønskjer å søkje vesentleg endringa av, tar utgangspunkt i fem emne. Emna som studiet tek føre seg er «Emne 1: Etikk og samhandling», «Emne 2: Nedsatt funksjonsevne og rehabilitering på ulike arenaer», «Emne 3: Rehabilitering og medvirkning», «Emne 4: Velferdsteknologi, organisatorisk samhandling og yrkesutøvelse» og «Emne 5: Praksis og hovedprosjekt». Endringa av studiepoeng på dei fem emna medfører at Rehabilitering no har ei oppbygning som gjer det mogleg å kunne modulisere utdanninga, slik at fagskolen eventuelt kan tilby utdanninga som enkeltemne. Ei slik oppbygging gir både fagskolen og studentane stor fleksibilitet. Ein student som berre gjennomfører og består eitt emne vil få karakterutskrift for bestått emne.

Den nye nasjonale studieplanen vil, med mindre justeringar, bli nytta som lokal studieplan for utdanningsformene stadbasert deltid og nettbasert deltid. Den eine justeringa er knytt til at emna «praksis» og «hovedprosjekt» no er slått saman, og at emnekoden for nytt emne 5 «Praksis og hovedprosjekt» i den nasjonale studieplanen endå ikkje er fastlagt (sjå vedlegg 1. Nasjonal studieplan for Rehabilitering, s. 6). Dette er eit forhold som fagskolen sjølv ikkje rår over, og den emnekoden som blir vedteke i den nasjonale studieplanen vil bli teke til følgje i lokal studieplan i Rehabilitering ved Fagskolen i Hordaland.

Den andre justeringa er knytt til sjølve gjennomføringa av emne 5 «Praksis og hovedprosjekt». Etter den nasjonale studieplanen skal studentane gjennomføre praksis som ein del av utdanninga, med eit omfang på 10 veker. Både studentar ved fagskolen sine helsefaglege utdanningar og arbeidsgjevarar innan helse har over fleire år gitt uttrykk for at denne ordninga bør bli endra, og fagskolen ønskjer difor å tilpasse den lokale studieplanen for å imøtekome tilbakemeldingane. Endringa går ut på å redusere praksisperioden frå 10 til 8 veker i den lokale studieplanen for Rehabilitering ved Fagskolen i Hordaland. Fagskolen vil leggje til rette for at studentane kan få ca. éin dag per veke i praksisperioden til å arbeide med hovudprosjektet. Dette har den følgje at hovudprosjekta blir meir praksisnære, i tillegg til at studentane kan drive hovudprosjekta som utviklingsarbeid.

## Vedtakskompetanse

Det er styret for Fagskolen i Hordaland som fattar vedtak om det skal søkjast NOKUT om vesentleg endring eller ny akkreditering, jf. fagskulelova § 17:

### § 17. Innholdet i utdanningen

*Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.*

*Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.*

*Departementet kan gi forskrift om*



- a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk*
- b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering*

## **Konklusjon**

På bakgrunn av saksframlegget tilrår rektor at fagskulen kan søkje NOKUT om vesentleg endring av fagskuleutdanninga Rehabilitering i tråd med det som kjem fram av saksframlegget. Vidare blir det tilrådd at Rehabilitering blir gitt som stadbasert utdanning deltid ved studiestad Nordnes (60 stp.) og nettbasert utdanning deltid (60 stp.) dersom akkreditering for dette er i orden innan oppstart.

## Innhold

Innledning.....	2
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi - .....	2
Hva er viktig for deg? .....	2
Om planverket.....	3
Overordnet læringsutbytte.....	4
Emneoversikt .....	5
Emnebeskrivelser.....	6
Emne 1: Etikk og samhandling.....	7
Emne 2: Nedsatt funksjonsevne og rehabilitering på ulike arena.....	9
Emne 3: Rehabilitering og medvirkning .....	11
Emne 4: Velferdsteknologi, organisatorisk samhandling og yrkesutøvelse.....	13
Emne 5: Praksis og hovedprosjekt.....	16
Undervisnings- og læringsformer .....	18
Vurdering.....	18
Dokumentasjon .....	20

## Innledning

Fagskoleloven av 2003 flyttet ansvaret for planverk i høyere yrkesfaglig utdanning fra myndighetene til utdanningstilbyderne. For å sikre en nasjonal standard for fagskoletilbudene, tok arbeidslivets organisasjoner den gang initiativ til å få etablert nasjonale utvalg med ansvar for å utarbeide felles nasjonale planer.

Nasjonale planer er rammer som skal sikre at tilsvarende fagskoleutdanninger holder høy og tilsvarende kvalitet og gir lik sluttkompetanse. Rammene er ment som et grunnlag når tilbyderne skal utarbeide sine studieplaner. Det er skolenes egne studieplaner som utgjør det faglige grunnlaget for godkjenning av skolenes utdanninger, og den enkelte tilbyders styre har ansvaret for utvikling og vedlikehold av disse.

Endrede kompetansebehov i arbeidslivet og ny lov om høyere yrkesfaglig utdanning (Fagskoleloven, 2018), gjør at det var behov for en gjennomgang av eksisterende nasjonale planer. Nasjonalt fagskoleråd er tildelt midler av Kunnskapsdepartementet til revidering av nasjonal plan for Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi.

Planen er utarbeidet av en arbeidsgruppe nominert av Nasjonalt fagskoleråd. Arbeidet har vært preget av åpenhet og bred involvering, der sektoren og partene i arbeidslivet har blitt invitert til å komme med innspill underveis i arbeidet.

Planen har vært gjennom godkjenning av Nasjonalt fagråd for helse- og oppvekstfag.

## Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi -

### Hva er viktig for deg?

Fagskoleutdanningen i *Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi* skal sikre at den enkeltes-, samfunnets og arbeidslivets behov for kompetanse, er i tråd med dagens og framtidens oppgaver og utfordringer innen helse- og omsorgstjenesten. Nasjonalt folkehelseinstitutt anslår at det vil bli en betydelig økning i antall eldre framover med kroniske sykdommer. Flere vil leve med kreft, færre vil dø av hjertesykdom, og flere vil få demens. Samtidig får mange hjerneslagpasienter nedsatt funksjonsevne og trenger hjelp i hverdagen. Videre er forekomsten av brudd i Norge blant de høyeste i verden.

FNs konvensjon for rettigheter til personer med nedsatt funksjonsevne (2006, ratifiserte i Norge 2013), skal sikre at personer med nedsatt funksjonsevne nyter likeverdig rett til anerkjente menneskerettigheter og grunnleggende friheter. «Tiltak som kan bistå personen i å gjenvinne funksjons- og mestringsevne skal prioriteres fremfor kompenserende hjelp dersom det er mulig. Vedkommendes totalsituasjon,

